

Kyrkjer blant tempel, moskear og pagodar på Mauritius

HALVOR MEDHUS

Det norske samfunnet blir stendig meir fleirkulturelt og fleirreligiøst. Det tok for alvor til i dei større byane på 1960-talet, og sidan har forandringane spreidd seg utover landet med stendig større fart og styrke. Det som er nytt og ukjent hos oss, er gammalt og velkjent andre stader på jorda. Ein slik stad er Mauritius. Hausten 1998 var eg der i tre månader og såg nærmare på dei kristne kyrkjene si stilling i mangfaldet. Eg fekk bruke Mahatma Gandhi Institute (MGI) som base og hadde stor nytte både av personalet og biblioteket der. Dessutan følgde eg med i aviser og TV om det som foregikk på øya og hadde samtalar med kyrkleddarar. Eg budde hos ein tamilsk hindufamilie og gikk til gudsteneste i ein franskpråkleg presbyterianarmenighet.

Spenningsfylt sørhavssidyll

Mauritius ligg sør for ekvator i Indiahavet, 855 km aust for Madagaskar og er kjent for sine mange folkeslag, kulturar og religionar, og for sine mange kyrkjetårn og minaretar som løfter seg mot himmelen blant ein overflod av hindutempel og ein og annan pagode. I følgje turistreklamene er mangfaldet omkransa av solfylte palmestrender og brusande korallrev, og befolka av smilande menneske som ikkje bryr seg om naboen ættar frå Kina, India, Afrika eller Europa, er buddhist, hindu, muslim eller kristen. Slik ønskjer turistindustrien og regjeringa at øya skal oppfattast. Sosiologar, antropologar og religionsforskarar som har valfarta dit dei siste tiåra for å

sjå tilhøva på nært hald, har derimot hatt blanda oppfatningar. Same inntrykket får også andre som bur der ei tid saman med mauritiarane.

Jo, stort sett går det samansette hopehavet beundringsverdig greitt mellom dei vel 1,1 million innbyggjarane¹ på eit område litt mindre enn Vestfold. Men med så mange tett inn på kvarandre er det ikkje til å unngå at det blir spenningar. Folk brukar å halde greie på naboane både når det gjeld rase og religion. Det er heller ikkje alltid at dei smiler til kvarandre.

I følgje statistikken² er 32,4 prosent av folket kristne, storparten kreolar, eit afro-europeisk blandingsfolk. Det blir gjerne sagt at alle desse er kristne, pluss nokre til. Det ligg nær opp til sanninga både i den store katolske kyrkja og i dei små protestantiske.

Ein episode frå 1998 syner litt av dei ytre tilhøva til kreolane og dei kristne. På St. Louis' dag 25. august overførte det statlege kringkastingsselskapet gudstenesta i den katolske St. Louis-katedralen i hovudstaden Port Louis.³ I preika tok forrettande prest, som sjølv var kreol, fatt i eit brennbart og ikkje heilt nytt spørsmål: Korleis har det seg at hans folkegruppe med 30 prosent av folket berre har 3 prosent av stillingane som regjeringa utnemner til? Det dreiar seg om kontorfolk, helsepersonell, lærarar, politifolk, vaktmeistarar, reinhaldarar osv. På Mauritius har regjeringa også hand om stillingar som hos oss kjem inn under kommune og fylkeskommune. Jobbane er mange og ettertrakta.

Den angripne parten var regjeringa som er dominert og i stor monn støtta av hinduane sine 50,7 prosent. Statsministeren, Nevin Ramgoolam, var snart ute med ei erklæring der han tilbakeviste påstandane om diskriminering. Men som god politikar let han vere å gå nærmare inn på kreolpresten sitt spørsmål. Hindu Council, den ortodokse og pågående hindufraksjonen, reagerte endå sterkare. Formannen tok til orde for at den mauritiske kringkastinga, som er statseigd og regjeringskontrollert, måtte få betre kontroll med det som gikk på lufta av religiøse seremoniar. Mauritsk kringkasting utmerker seg vanlegvis med eit fullstendig fråvær av kritisk journalistikk i innanrikssaker. Skal ein få del i det, må ein lytte til radiosendingane frå den franskstyrte naboøya Reunion.

Men kreolpresten fekk også støtte. Vekebladet *La Vie Catholique*, den katolske kyrkja sitt talerøyr, takka han for å ha talt saka til folket sitt. Støtte fekk han også frå opposisjonspolitikarane, dessutan frå det muslimske Hizbulah. Formannen nutta elles høvet til å minne om at muslimane med sine 16,3 prosent også blir diskriminert ved tildeling av regjeringa sine arbeidsplassar.

Koloniherrar og arbeidskraft. Verdensreligionane etablerer seg

Så litt om bakgrunnen til dagens etnisk/kulturelle/religiøse mangfald og spenningar: Øya har ikkje urbefolkning. Då nederlendarane gjorde landnåm i 1598, var ho folketom. Dei ga ho namn etter statthaldaren over Nederlanda, Maurits av Nassau, tok til å hogge ned urskogen og planta dei første plantasjane med sukkrørøyr frå Java. I dag dekker plantasjane halvparten av øya. Men nederlendarane hadde ikkje hellet med seg og ga opp etter to forsøk. Inni-mellom var det eit intermessø i 1622 då danske eventyrarar prøvde seg.⁴ Ein del av desse «danskane» har truleg vore nordmenn.

I 1715 overtok franskmennene. Ein snau hundreårsperiode var øya på deira hender. Dyktige guvernørar ga landet eit fransk preg som seinare omskifte og omveltingar ikkje har greidd å slette ut. Dei heldt fram med plantasjedrift, bygde vegar, hamner og festningar. Til det trengdest arbeidskraft, dvs. slavar. Dei vart importert i tussenvis frå Madagaskar og Mosambik.

Frå dei svarte slavane og deira kvite eigara ættar dagens kreolar. Mellom dei mørke og lyse er det frå gammalt av eit skilje som enno merkast. Dess lysare ein kreol er, dess høgare er han vanlegvis på den sosiale rangstigen. Hos kreolfolket utvikla kreolspråket seg, eit forenkla fransk, tilsett ord frå slavane sine heimland og frå England og India. Det er *lingua franca*, det daglege fellesspråket, for alle etniske grupper på øya.

Frå dei franske kolonistane sine ektefødde kvite barn ættar franko-mauritiarane, ei eksklusiv gruppe på 2 prosent av folket. Blant dei finn ein øya sin mektige overklassen som har hand om sukkrørøyr-plantasjane, store deler av det øvrige næringlivet, bankar og forsikringsselskap. Dessutan har dei hand om den katolske kyrkja, både kardinalen og biskopen er frå deira rekker. Folkegruppa har også gjort seg sterkt gjeldande kulturelt. Med stort hell har dei hevda stillinga til fransk språk i høve til engelsk. I sin eigen daglegtale brukar dei ord og grammatikalske former som har gått av bruk i moderlandet, som med norsk i Amerika.

Den katolske kyrkja kom til øya med franskmennene. Den omfatta også slavane. I følgje *Code Noir* (Lova om dei svarte / Slave-lova) skulle slavane vere døypt seinast åtte dagar etter at eigaren hadde ført dei i land. Og dei skulle undervisast i «den kristne, apostoliske og romerske religion». ⁵ Døypinga vart i alle fall utført etter forskriftene.

Napoleonskrigane fekk følgjer også i Indiahavet. Rett før jul 1810 hærtok britane øya som sidan var deira koloni fram til 1968. Freds-

vilkåra fastsette at innbyggjarane fekk behalde «sin religion, lover og skikkar», ⁶ dvs. at franko-mauritiarane fekk halde på om lag som før. Skifte av kolonimakt førte likevel til forandringar. Engelsk vart innført som offisielt språk og er det enno, men fransk er undervisningsspråket dei første åra i barneskolen. Engelsk overtek lenger oppi klassane, for dei som kjem så langt. Dei to dagsavisene er franskspråklege med litt engelsk tilleggsstoff. Fransk er også gudstenestespråket i kyrkjene, stort sett.

Ei anna følgje av britisk styre var at slaveriet vart avskaffa i 1835. Med det kom den livsviktige sukkerproduksjonen i alvorleg krise. Det ga støytet til masseinnvandring av kontraktarbeidrarar frå India, som den gongen også omfatta det noverande Pakistan og Bangladesh. Desse vart stamfedrer for dei mauritiske hinduanne og muslimane, og ein god del kristne.⁷ Overgang til kristendommen skjedde særleg blant lågkastane og minoritetsfolka: tamilar og teluguar. Indiskætta kristne finst i alle kyrkjesamfunn, flest i den katolske kyrkja og hos anglikanarane. I laupet av 1850-åra hadde den ikkje-kristne delen av folket passert den kristne, som sidan har vore i mindretal.

I tida rundt 1900 kom hovudtyngda av endå ei innvandring, den kinesiske, rett nok av langt mindre dimensjonar. Kinesarane satsa på handel av alle slag. Ein går ikkje langt i byar og landsbyar før ein støyter på butikkar med kinesarar bak disken. Saman med kinesarane kom endå ein verdensreligion, den buddhistiske. Men berre 3000-4000 av dei 30.000 kinesarane er registrert som buddhistar. Resten finn ein for det meste i eitt eller anna kyrkjesamfunn, flest i den katolske kyrkja som i 1950-åra sette i gang eit storstilt misjonsprosjekt for å vinne denne folkegruppa. Kinesarane er gjerne to-religiøse såleis at dei kan gå både til kyrkje og pagode for å få utført ritual og seremoniar. Som ofte elles har dei overteke noko nytt samstundes med at dei held på fedrearven.

Dei svarte og fader Laval. Den katolske kyrkja

Dei svarte gikk helst frå vondt til verre då slaveriet vart avskaffa. Dei meir og mindre rømde frå plantasjane og slo seg til rundt hovedstaden Port Louis og i utmarker elles. Der levde dei i stor armod, påvinga eit land, språk og religion som ikkje var deira. Dei første åra gjorde den katolske kyrkja lite og ingenting for desse medlemene sine. Men i 1841 fekk kyrkja nytt ledarskap, samstundes kom den sidan så kjende fader *Jacques Desiré Laval*. Han var fransk prest tilhøyrande St. Esprit kongregasjonen og

fekk til oppgåve å ta seg av dei forsørmede svarte, og han gjorde ein fantastisk innsats for dei åndeleg og sosialt. I høve til protestantiske konkurrentar kunne han nok også vere fanatisk. Som vanleg med store menn har det dannar seg legender om han, t.d. at han omvende meir enn 67.000 svarte i dei 23 åra han var i arbeid.⁸

Fader Laval vart beatisert i 1979, men den katolske kyrkja har så langt vore tilbakehaldande med å godkjenne undera som skal ha skjedd ved grava hans ved St. Croix utanfor Port Louis. Fleire gjeld protestantar som vart bønhøyrdé då dei lova å gå over til katolisismen. I lange tider har likevel fader Laval vorte æra og heidra meir enn mange kanoniserte helgnar og blir omtalt som apostelen for dei svarte. I dette landet med dei mange festivalane har også han fått sin. Fader Laval-dagen 9. september, dødsdagen hans, er den katolske kyrkja sin store festival. Natta før går pilgrimane i store prosesjonar frå heile øya til St. Croix. Somme protestantar slår følgje, og hinduar. Til og med muslimar vågar seg med, hemmeleg, for imamane fordømmer det. Elles i året er det og mange som valfartar dit for å be. Dei bed for foreståande ekteskap og barnefødslar, for eksamenar og reiser, men først og sist om lækjedom frå sjukdom.

Den katolske kyrkja fekk etter kvart eit utmerka samarbeid med den britisk/protestantiske koloniadminstrasjonen. Dei ruvande soknekyrkjene, sentralt plassert i byar og tettstader, er gjerne bygt i denne tida og subsidiert av kolonimakta. Dei svarte var for det meste trufaste mot kyrkja si sjølv om ho kunne opptre svært strengt mot dei. Særleg var reaksjonane harde om presteskapet fekk greie på at dei hadde delteke i sega, den erotiske kreol-folkedansen. I dag har kyrkja lagt om stilten. Ho tek vare på kulturarven både til kreolane og andre folkegrupper. I menighetar med mange av indisk ætt t.d. går ein til kyrkje og feirar i kristne former den hinduistiske Divali-festivalen med lystunning og utdeling av kaker som det helst skal vere sju sortar av. Katolikkane synest å vere meir kulturopne enn protestantane såleis.

Kyrkjeklokken, som ringer kl. 6 om morgonen, er faste innslag mange stader på øya. Då opnast kyrkjedørene og truande kjem for å be. Somme gjer det kvar einaste morgen året rundt. Vekene gjenom syter soknebarna for at altarpartiet i kyrkjene er praktfullt pynta med blomar. Kyrkja nyt også godt av store testamentariske gåver, men strevar med rekryttering til ordnar, kongregasjonar og presteteneste. Presteskapet, som tek seg av dei omlag 300.000 katolikkane⁹, har ein gjennomsnittsalder på rundt 65 år.^{9b}

Dei første protestantiske kyrkjesamfunna

Med dei britiske koloniherrene var det slutt på den katolske kyrkja sitt religionsmonopol. Saman med det nye styret kom det og nye kyrkjesamfunn: den anglikanske Church of England og den presbyterianske Church of Scotland. I første omgang tok dei seg av trusfeller som arbeidde for kolonimakta, men snart var dei også i gang med misjon.

I 1814, medan slaveriet ennå stod ved lag, tok *presbyterianarane* til med sitt misjonsarbeid. Målgruppa var dei svarte som best kunne omtalast som forsømte katolikkar. Misjonsmetoden var skole og undervisning. Her la presbyterianarane ned eit stort pionerarbeid. Midlane kom frå det kjende London Missionary Society, dessutan frå koloniadministrasjonen som ville førebu dei svarte på den komande opphevinga av slaveriet. Der var nok også baktankar om å fremje protestantisk kristendom og britisk kultur. Men misjonsarbeidet vekte motstand både frå plantasjeeigarane og den katolske kyrkja. Det enda med at presbyterianarane måtte ned-prioritere skolearbeidet, og kolonimakta måtte likestille alle kyrkjesamfunn sitt skolearbeid.

Av det ein gong så imponerande skoleverket til presbyterianarane er det ikkje stort att i dag, berre ein liten barnehage. Men deira første misjonær, *Jaen Le Brun*,¹⁰ blir i historiebøkene omtalt som øya sin skoleapostel. Presbyterianarane har aldri vorte mange. For tida tel dei kanskje 1000 medlemer. Fire menigheter er franskspråklege med kreolslekter som til dels har vore med sidan starten for snart 200 år sidan. Der er også ein engelskspråkleg menighet der storparten er frå dei ikkje-kreolske folkegruppene eller er kvite utlendingar. - Alle dei tradisjonelle kyrkjesamfunna på øya er på kvar sine måtar prega av konservativ teologi. Men presbyterianarane har liberale tillau. Dei har kvinnelege prestar og tillet gjengifte av fråskilde.

I 1840, etter at slaveriet var avskaffa, tok *anglikanarane* til med sitt misjonsarbeid. Det fekk støtte både frå det høgkyrkjelege Society for the Propagation of the Gospel og frå Church Missionary Society. Misjonen vende seg til indarane som strøymde til øya. Her gjorde anglikanarane sin pionerinnsats. Ved hundreårsskiftet tok også den katolske kyrkja opp misjon blant indarane og gjorde det langt betre talmessig sett. Men også pionerane såg frukter av arbeidet sitt. Storparten av dei snautt 4000 soknebarna i det anglikanske bispedømet er av indisk ætt, det same gjeld biskop og visebiskop.¹¹ Det engelske kyrkjespråket, som i kolonitida var deira kjennemerke

og stolthet, er også her erstatta med fransk, men blir henta fram att ved særlege høve.

På Mauritius som elles i det tidlegare britiske imperiet, har avkoloniseringa vore ein nedtur for anglikanarane. Katedralen i Port Louis og fleire andre prektige kyrkjebygningar er tydeleg merkt av forfall. Men dei har behalde noko av sin gamle "glory" i folks medvit. Hausten 1998 døydde kona til biskopen. Ei gravferd må haldast innan 24 timer, så dei som vil delta, må meir og mindre sleppe det dei har i hendene og gå. Men presidenten i republikken, han var muslim, møtte opp saman med andre politiske nøkkelpersonar. Det same gjorde øya sine framståande protestantiske og katolske geistlege.

Dei tre kyrkjesamfunna som er nemnde hittil, kom i kjølvatnet til kolonimaktene. Men dei vart ikkje verande åleine. Først på 1900-talet etablerte *Sjuandedagsadventistane* seg. Dei hadde særleg inngang hos intellektuelle kreolar, dei lyse, som høyrd til i den øvre katolske middelklassen. Det uavkorta kravet om tiende gjorde det vanskeleg for dei fattige å slutte seg til. Dei intellektuelle var særleg tiltalt av adventistane sitt ivrige bibelstudium. Ein annan grunn til å forlate moderkyrkja var at dei til tider kjende seg arrogant behandla av det franko-mauritiske presteskapet. Kyrkjesamfunnet har i dag 6000 medlemer og bibelstudiet har framleis høg prioritet. Her er både «home cell groups» og ein times sabbatskole før gudsstenestene. Som vanleg hos adventistane er dei i tillegg til Bibelen også opptekne av helseoppskriftsmål og innbyr til samlingar om: Korleis takle stress, korleis stumpe røyken osv.

Pinsevener og karismatikk

Kyrkjebygningane til dei tre «gamle» kyrkjesamfunna er prega av den monumentale og tunge kolonistilen. Adventistane sine gudshus har eit meir moderne og lettare, men likevel tydeleg kyrkjepreg. *Pinsevenene* sine lokale derimot får ein mest av alt til å tenke på lagerbygningar og gymsalar. Men dei har krossmerket på frontveggen og påskrifta *Assamblée de Dieu* (Guds menighet) eller *Mission Salut et Guerison* (Misjon til frelse og lækjedom), eller begge påskriftene.

Pinsevenene gjorde seg for alvor gjeldande i 1967. Då nådde den karismatiske vekkingsbølgja Mauritius ved den franske pinsepredikanten *Aimé Ciceron*, ein mann med karismatiske talegaver. Til friluftsmøta hans strøynde dei i tusenvis frå heile øya. I vanleg pinsestil var det handspålegging og forbøn for sjuke, tungetale og

demonutdriving. Folk kom for å få forbøn, oppleve spontanitet og frie former. Oppsluttinga om møta var også ein protest mot stivna former og besteborgarlege haldninga i dei etablerte kyrkjesamfunna. Desse fekk alle merke store innhogg i medlemslistene. Dessutan skjedde det uvanlege: Søkande frå dei ikkje-kristne folkeruppene kom for å lytte til forkynninga og ta imot forbøn. Mange av desse slutta seg til dei nye pinsemenighetane. Snart var kyrkjesamfunnet det største av dei protestantiske.

Etter fem år vart Ciceron utvist frå landet, visstnok fordi aktiviteten hans skapte uro blant hinduar og muslimar. Pinsevenene er i dag dei einaste som lykkast i å nå ikkje-kristne folkegrupper med evangeliet og omvende dei til kristen tru. Ein vesentleg grunn til framgangen både blant kristne og ikkje-kristne er den folkelege stilten. Det var i deira samlingar at kreolspråket først vart nytta i forkynninga. Det skjedde i sjølvstendeåret 1968. Sidan har andre kristne predikantar følgt etter. Ein kan gjerne kalle pinsevenene pionerar i folkelighet.

Det skal vere 230 pinsemenigheter spreidd over heile øya, eit veldig tal når ein tenker på at katolikkane, som kanskje er ti gonger så mange, er fordelt på 44. Det er eit visst samarbeid pinsemenighetane imellom, men dei siste åra har det vore indre rivningar og tendensar til splitting. Kor mange som er med i dei mange menighetane, veit ingen. Som hos karismatikarar flest har dei lite interesse for papirarbeid. «Vår oppgåve er å forkynne at Kristus er oppstaden frå dei døde. Teljing er bortkasta tid». ¹² Dei er nok også redde for å vifte med tal som kan skape uro. Oversлага varierer fra 30.000 til 70.000. Nøkterne kjennarar meiner at det verkelege medlemstalet nok ligg nærmare det første overslaget enn det siste.

Kyrkjesøkning og økumenikk. Andre kristne

Kyrkjesøkninga er etter europeiske tilhøve enorm i alle mauritiske kyrkjesamfunn, sjølv om den ikkje er heilt som tidlegare der heller. Hos katolikkane ligg den på 22,5 prosent, i dei tradisjonelle protestantiske kyrkjene er den 30-40 prosent, og pinsevenene (som rett nok ikkje kastar tida bort på teljing) hevdar at dei når opp i heile 80 prosent.

I eit land der dei kristne er i mindretal er det naturleg med samarbeid over konfesjonsgrensene. Katolikkar, anglikanarar og prestbyterianarar, dei «gamle» kyrkjesamfunna, samarbeider om eit opplegg for grunnutdanning i bibelkunnskap og teologi. Det er eit tilbod for dei som tek sikte på presteteneste eller anna kyrkjeleg

arbeid. Undervisninga blir elles administrert frå anglikanarane sitt nedlagde presteseminar.¹³ For vidareutdanning må studentane dra utanlands. Desse tre kyrkjесamfunna har også ei ordning at ved blanda ekteskap, som gjeld deira soknebarn, skal bryllupet stå i brura si kyrkje utan lovnad om kvar framtidige barn skal høyre til. I dei små protestantiske kyrkjene er det ikkje uvanleg at ungdomane finn ektefeller frå den store katolske kyrkja. Det er viktig at han eller ho er kristen. Giftarmål over religionsgrensene derimot er svært sjeldne. Det gjeld alle folkegrupper på øya.

Dei protestantiske kyrkjessamfunna, medrekna adventistar og pinsevener, samarbeider også om bibelspreiing og oppmuntring til bilbellesing, dessutan om filmarbeid. Det siste prosjektet er å gi kreolsk tale til Jesus-filmen. Det har også vore planar om å omsette Bibelen til kreolspråket. Hittil har det stranda pga. problem med rettskrivinga. Språket har ingen offisiell status i skole og administrasjon og heller inga offisiell rettskriving. Moderne forfattarar har etter kvart utvikla ei fonetisk rettskriving som dei protestantiske kyrkjene er innstilt på å bruke. Men det har det konservative franko-mauritiske ledarskapet i den katolske kyrkja sett seg imot. Dei vil ha skrivemåtar som ligg mest mogleg opp til fransk med stumme endingar og liknande.

Utanom dei nemnde kyrkjessamfunna finst det også små grupper av swedenborgianarar, baptistar oa. Dessutan er der trussamfunn som fell utanfor den vanlege definisjonen for kristentru og står utanfor det økumeniske samarbeidet: Jehovahs vitne, Christian Science, mormonarar. Desse misjonerer mellom alle folkegrupper, men har hatt mest inngang blant kristne som har kome åndeleg eller sosialt på avstand frå menighetane sine. Særleg Jehovahs vitne har hatt framgang og kan kanskje telje så mange som 10.000 medlemmer.

Høvet til andre religionar. Påvirking over religionsgrensene?
 Regjeringa syter for i alle fall litt kontakt over religionsgrensene. Den innbyd dei religiøse ledarane til offisielle merke- og høgtidsdagar, og somme takkar ja og kjem. Regjeringa innkallar dessutan til samtalar for å fastsette offentlege fridagar til feiring av religiøse festivalar. Det er viktig at alle folkegrupper får eit rimeleg antal dagar, men det må heller ikkje bli for mange av dei.

Kontakt elles over religionsgrensene ser det ut til at det er enkelt-personar og grupper som tek seg av. Heime hos intellektuelle kan ein stundom finne ei innskrift med ei bøn utforma for at truande

frå alle religionar kan be den i lag.¹⁴ Elles har synet på etiske problemstillingar mange fellestrekks innan dei ulike religionane, på Mauritius som elles på jorda.

Eit interessant spørsmål er i kor stor grad dei mange religionane på eit så lite område påverkar trusinnhaldet hos kvarandre. Det mest iaugnefallande er at dei overtek andre sine skikkjar, som dei så brukar i sine eigne samanhengar, utan å ta med trusinnhaldet. Hinduar, buddhistar og muslimar kan td. feire bryllup i ytre former frå europeisk-kristen kultur med bryllupskake, kvit brudekjole osv. utan at det har følgjer for bodskapen i seremoniane deira. I natta under Divali-festivalen tenner indisk-ætta kristne lys, slik også hinduane gjer det, men hinduane feirar at Rama og Krishna knuste mørkemaktene, dei kristne at Kristus er verda sitt lys. På Toussaint (allehelgensdag) går også ikkje-kristne med blomar til gravene til sine kjære, men med andre tankar om det som skjer bak død og grav. Og storparten av dei ikkje-kristne feirar kommersiell jul med pynning av husa og gåver, men utan juleevangelium og Jesusbarn.

På ledarplan er den dominerande haldninga innan religionane at dei markerer sin eigenart i høve til kvarandre. I dei kristne kyrkjesamfunna har det vel vore slik meir og mindre heile tida. I dei andre religionane er det ein aukande tendens. Hos hinduane skjer det ved *sanskrit-isering*, og hos muslimane ved *sunna-isering*. I begge tilfella dreiar det seg om at ein går tilbake til det ein meiner er det opphavelege og prøver å skrelle bort «uekte» gods som har kome til etterpå.

Men også på Mauritius er det ein folkereligiøsitet som lever sitt eige og ofte skjulte liv på tross av offisiell truslære og meiningsane til religiøse ledarar. Det er grunn til å tro at her har den jamne mann og kvinne eitt og anna felles på tvers av religionsgrensene. Blant synlege utslag er astrologien med horoskop som har daglege og fyldige spalter i avisene. Dei blir lesne med meir og mindre tru av folk frå alle religionar, også kristne.

Nye tider og store forandringar

Siste halvpart av 1900-talet var prega av store forandringar i samfunn og kyrkjeliv. Det første signalet om nye tider kom i 1959. Då vart alle religionar likestilt i høve til statsstøtte. Til då hadde berre kristne fått nytte godt av staten sine midlar. I den britiske kolonitida var det også ein fordel å vere kristen for å få stillingar i offentleg sektor. Det er det slutt på. Dei kristne har til og med vorte målgruppe for misjon frå dei som dei tidlegare misjonerte blant. Akti-

vistiske hinduar har sett i gang kampanjar for å vinne attende kristne av hinduaett og skal ha oppnådd visse resultat.¹⁵

Dei færreste hinduar er aktivistar, men denne største folkegruppa på øya gjer seg stendig meir gjeldande. Den får moralsk og anna støtte frå India, den nye stormakta i nærområdet. Ved landet sitt universitet, midt på øya, står det store Mahatma Gandhi Institute, bygt og drive for indiske statsmidlar til fremje av indisk kultur og språk. I den høgare skolen kan ein få undervisning i indiske språk og mandarin-kinesisk. Språka er utdøydde eller utdøyande som talemål på øya. Men kreolspråket, det felles talemålet, har ingen plass i undervisninga. - Og nokre kilometer frå universitetet og MGI har indarane bygt eit heilt nytt Indira Gandhi Centre til fremje av indisk kultur og kunst. Det gjeld særleg musikk, song og dans som og er viktige element i hinduistisk religion. Dei to siste koloni-maktene prøver også å markere seg. British Counsil og Alliance Française har kvart sitt bibliotek med tilhøyrande lesesal. Men det er pusleri samanlikna med indarane sine flotte anlegg.

Også Islam rører på seg. Regjeringa har vorte pressa til å godta muslimske særlover for ekteskap, skilsisse og fordeling av arv, dessutan at muslimske skolejenter får bere *hijab*, sjal som dekker håret.¹⁶ Dei siste åra har det kome opp mange vakre moskear og velutstyrtte islamske studisenter. Byggektiviteten skal vere støtta av Saudi Arabia og Libya. Muslimske og kristne rikspolitikarar samarbeider ofte for å hevde seg mot hindudominansen, men på lokalplan går det ikkje alltid like greitt. Ved raseopptøy er det helst fattige kristne og muslimar som tørnar saman. Stader der dei tidlegare budde side om side, er i dag etnisk reine. Best kjent er bydelen Pleine Verte i Port Louis som idag er 100 prosent muslimsk.¹⁷

Forandringar har det også vore i skoleverket. Dei tradisjonelle kyrkjesamfunna har satsa mykje på undervisning og utdanning. Den katolske kyrkja er utan samanlikning den store skoleeigaren, men også anglikanarane og adventistane har kvar sin høgare skole med fleire hundre elevar. Men tidene er ikkje som dei var. Tidlegare kunne kyrkjesamfunna fritt tilsette dei lærarane dei ønskte, dvs. at dei tok sine eigne trusfeller. Andakter, gudstenester og konfesjonsbunden kristendomsundervisning var obligatorisk. I dag må lærarane utnemnast etter vanlege konkurranseregler. Og alt i undervisnings-tida som har samanheng med kyrkje og kristendom, er frivillig.

Det aller viktigaste skiljet er sjølvsagt 1968, då den britiske kolonitida tok slutt. Det var hindupolitikarane som pressa gjennom sjølvstyret medan kristne og muslimske politikarar kjempa imot. Det

var trønne tider under frigjøringsprosessen med uro, blodige gatekampar og mange døde.¹⁸ Britiske styrkar måtte til slutt tilkallast for å gjenopprette ro og orden.

Sjølvstyret har nok hatt sine feil og manglar¹⁹, men har likevel ført til framgang og vokster. Turisttrafikken er ei næring i vekst. Det same gjeld tekstilindustrien. I dag blir det importert arbeidskraft frå ma. Kina og Madagaskar for å få gjort alt som gjerast skal. Mauritiarane, også kristne, muslimar og buddhistar, er stolte over framgangen og viser til naboya Reunion som er eit fransk departement prega av stagnasjon og arbeidsløyse på trass av store overføringer frå moderlandet. I mauritiske auge er øya næraast ein fransk sosialklient. Mauritius må greie seg sjølv, og gjer det. Men under den vellykka og travle overflata ligg frykta for at tilstandane kan kome ut av kontroll. Ved religiøse festivalar er det stort oppbod av politifolk. Dei er godt synlege i gatebiletet elles og.

I 1968 var framtida ukjent. Mange frykta det verste og reiste frå landet. Som vanleg ved slike høve var det dei velutdanna og velståande som drog. Dei tok ut frå alle folkegrupper, særleg mange av dei lyse kreolane som var eliten i samfunnet og ressurspersonane i kyrkjene. Storparten reiste til Australia, men også mange tok vegen til England og Frankrike, Sør-Afrika og Canada, Hong Kong og Singapore osv. Ein reknar med at 80.000 katolikkar forlet øya. For dei protestantiske kyrkjene gikk det etter måten endå verre. Dei vart meir og mindre halvert. - Ved merkedagar i kristne familiar, bryllup, fødselsdagar ol. kan det gjerne dukke opp gjester frå 7-8 land fordelt på 4-5 verdensdeler.

Med arbeidsplassane i offentleg sektor gikk det som frykta og venta. Vekslande hindudominerte regjeringar har gitt dei til sine eigne. Det har tidlegare vorte rettferdigjort med at kreolane blir favorisert av sine franko-mauritiske trusfeller i privat sektor. I dag blir denne favoriseringa vanskeleggjort av regjeringa utan at det har vorte fleire kreolar i offentlege stillingar av den grunn. Men det er ikkje berre regjeringa sin feil at dei kristne kreolane med sine 30 prosent av folket blir avspist med 3 prosent av regjeringa sine arbeidsplassar. Dei mørke kreolane, som det er flest av, slit med eit fattigdomsproblem som har følgjt dei sidan slavetida. Ein del av den nedarva fattigdommen er manglande utdanning og kompetanse.

Oppsummering

Det er snart 150 år sidan kristendomen var fleirtalet sin religion. Og det er ein mannsalder sidan ei kristen kolonimakt favoriserte kristne

i statsadministrasjonen. I dag er hinduane herskarfolket på øya. Sjølv om dei er oppsplitta i ulike folkeslag, kastar og politiske parti, brukar dei å framstå som ei gruppe i høve til dei andre. Likevel har dei saman med desse andre greidd å bygge eit samfunn der dei indre spenningane er under kontroll.

Forandringane i samfunnet og utvandring har sett sine merke på kyrkjesamfunna. I langt større grad enn tidlegare er det den lågare middelklassen som pregar menighetane. Det gjeld ikkje minst dei tradisjonelle protestantiske menighetane som særleg har vore prega av den bedre middelklassen. Men dette har og skapt større ansvar for dei små i samfunnet: alkoholikarar, stoffavhengige, uteliggjarar, arbeidslause, straffedømte. Blant desse er dei kristne, og særleg dei fattige kreolane, ikkje underrepresentert. Katolikkane og adventistane synest å vere aktive på det sosial-diakonale området.

«Lev og la leve!» er eit ordtak ein møter på Mauritius. I praksis vil det seie at ein ventar at dei ulike folkegruppene finn sin plass i samfunnet, held seg der og let dei andre vere i fred. Slik har også dei kristne kyrkjesamfunna innretta seg, stort sett. I prinsippet vil dei nok alle nå dei utanforståande, men i praksis er dei forsiktige og har ofte nok med å halde på medlemene dei alt har. Særleg gjeld det dei små protestantiske kyrkjesamfunna. Mest modige og ivrige som sjølevinnarar er pinsevenene.

Notar

1. Central Intelligence Agency: *The World Factbook 1999*. Washington DC, 1999. Tal vedr. etniske grupper i det etterfølgjande er også herifrá.
2. Religionsstatistikk er ei følsom sak og blir justert berre kvart tiande år. Den som gjeld no, er frå 1991. Det har nok vore forandringar i laupet av denne tida, men ikkje store. - Statistikken omfatar ikkje øya Rodrigues 560 km unna som hører til republikken Mauritius. Over 90 prosent av dei 40.000 innbyggjarane der er katolske kreolar.
3. Louis-namna på by og katedral er frå den franske perioden og til ære for kong Ludvig 15.
4. Ellis, Royston: *Guide to Mauritius*, Bradt Publications, England 1996, s. 14.
5. Moutou, Benjamin: *Les Chrétiens de L'île Maurice*, Port Louis, Mauritius 1996, s 257.
6. Ibid. s. 258.
7. Ibid. s. 159 opplyser at 3 prosent av mauritiarane er kristne av indisk ætt i følge ei berekning i 1983.
8. Strauss, Robert & Swaney, Deanna: *Mauritius, Reunion & Seychelles*, Lonely Planet, Hawthorn, Australia 1993, s 54.
9. Medlemstal her og i det etterfølgjande bygger på kyrkjesamfunna sine eigne opplysningar.

- 9b. Opplyst av B. Moutou i samtale.
10. Han var fransk- og engelskspråkleg brite frå kanaløya Jersey, *Les Chretiens*-s. 297.
11. Anglikanarane er såleis unntaket frå regelen om kreolfleirtal i kyrkje-samfunna.
12. Sagt av pinseledaren Lindrey Blackburn i samtale.
13. Tidlegare hadde også adventistane sitt eige presteseminar. Deira preste-utdanning er overført til Madagaskar der kyrkjesamfunnet er langt større enn på Mauritius.
14. Bøna lyder på norsk, sitert etter minnet:
"Herre, gi meg kraft til å utføre din vilje.
Gi meg mot til å seie nei til det eg ikkje skal ta på meg.
Og gi meg visdom til å sjå forskjelen."
15. I følgje informantar ved MGI.
16. Hollup, Oddvar: *Changing Conceptualization of Indian Ethnic Identity in Mauritius*, Bergen 1993, s. 167.
17. Ibid. s. 144.
18. Talet på døde har aldri vorte offentleggjort. Det tyder på mange omkomne.
19. I følgje Verdensbanken er korruption eit veksande hovudproblem.

Halvor Medhus f. 1938. Cand.theol. TF 1964. Sokneprest i Husnes 1972. Studiepermisjon hausten 1998. Adr.: Sundsvegen 6, 5450 Sunde i Sunnhordland.

Churches among temples, mosques and pagodas in Mauritius
The article is a discussion based on research in the situation of the Christian denominations in the multiethnic, multicultural and multireligious connections in Mauritius. The material is ordered under nine headings: Idyl with tensions; Colonial masters and labourers - the coming of the world religions; The black people and father Laval - the Catholic Church; The first Protestant denominations; Pentecostals and charismatics; Church attendance and ecumenics - other Christian groups; The relation to other religions - influence across religious borders; New times and big changes; Summary.